



Betre læring i Ål kommune

Handlingsplan 2011-2015

**Vedteke av Ål kommunestyre
15. juni, 2011.**

**Versjon 2 vedteke i SUKO
26. juni 2012.**

**Versjon 3 tilrådd i SUKO 25. juni og vedteke i
kommunestyret august 2013.**

**Versjon 4 tilrådd i SUKO 17. juni og vedteke i
kommunestyret 18. juni 2014.**

**Versjon 5 tilrådd i SUKO 23. juni og vedteke i
kommunestyret 27. august 2015**



Handlingsplan for oppvekstsektoren 2011-2015

Vedteke i kommunestyret 15. juni, 2011.

Versjon 2 er rullert og vedteke i SUKO 26. juni 2012.

Versjon 3 er rullert og tilrådd i SUKO 25. juni, vedteke i kommunestyret 29. august 2013.

Versjon 4 er rullert og tilrådd i SUKO 17. juni, vedteke i kommunestyret 18. juni 2014.

Versjon 5 er rullert og tilrådd i SUKO 23. juni, vedteke i kommunestyret 27. august 2015.

Ål kommunestyre vedtok 26.08.10 å sjå på utvikling av innhald, kvalitet og struktur for skular og barnehagar i Ål. Ei prosjektgruppe fekk denne oppgåva:

1. Gjennom ein brei og omfattande prosess utarbeide plan for utvikling av skule og barnehage i Ål kommune for perioden 2011 – 2015.
2. Definere kva omgrepet kvalitet betyr for skule og barnehage, og dernest gjere framlegg om kva mål det skal vere for kvalitet i skule og barnehage.
3. Evaluere nåverande og gjere framlegg om framtidig organisering for skule og barnehage.

Desse var med i prosjektgruppa:

- Espen Karlsen, SUO (sektorutval for oppvekst)/saksordførar
- Torleif T. Dalseide, ordførar/Formannskapet
- Dagfinn Bøygard, SUO/Kommunestyret
- Ellen Oppsato Mikkeldrud, SUO/Kommunestyret
- Kjell Arne Haavaldsen, representant for rektorane
- Einfrid Hagen, representant for barnehagestyrarane
- Astrid Skarsgard, representant for Delta/Fagforbundet
- Solveig Vestenfor, representant for Utdanningsforbundet
- Bergljot Nordal, representant for Kommunalt foreldreutval
- Stein Olav Romslo, Ål Ungdomsråd
- Eldgrim Springgard, kommunalsjef for oppvekst
- Bjørgulv Noraberg, rådmann

Prosjektgruppa gjennomførte 14 arbeidsmøte, to opne folkemøte, eit foreldremøte i samarbeid med Kommunalt foreldreutval (KFU) og ei undervegshøyring. Skular og barnehagar gjennomførte også som del av prosjektet ein verkstaddag 3. februar. Møta var godt besøkte og det kom inn over 30 innspel til undervegsrapporten. Prosjektgruppa la fram utkast til plan på open høyring i mars 2011. Her kom det 28 innspel. Innspel og synspunkt som vart fanga opp i prosessen var med og forma dokumentet. Prosjektet vart også drøfta på alle SUO-møta i denne perioden og vart handsama som eiga sak i SUO 24. mai og i kommunestyret 15. juni, 2011.

Prosessen resulterte er to dokument, eit strategidokument og ein handlingsplan med felles overskrift, **Betre læring i Ål**. Handlingsplanen blir rullert ein gong kvart år. Rullering av strategidokumentet med kvalitetsmål er utsett til etter det politiske valet hausten 2015.

Innhold handlingsplan 2011-2015

FORANKRING OG RULLERING	5
FIRE STRATEGIAR FOR BETRE LÆRING	5
RESSURBEHOV	5
1 KVALITETSMÅL	6
2 FELLES PLATTFORM	7
3 FIRE INNSATSOMRÅDE	7
3.1 Tidleg innsats.....	7
3.2 Tilpassa opplæring.....	8
3.3 Formidling og kulturarbeid.....	9
3.4 Fysisk fostring og psykisk helse	9
4 TILRETTELEGGE FOR GODE LÆRINGSMILJØ	10


Forankring og rulling

Denne handlingsplanen bygger på strategidokumentet Betre læring i Ål, som vart vedteke i kommunestyret 15. juni 2011. Strategidokumentet står fast og gir retning gjennom heile planperioden fram til og med 2015.

Denne handlingsplanen blir rullert kvart år fram til 2015 gjennom årsmelding, strategikonferanse og budsjetthandsaming. Tiltaka i planen blir prioriterte saman med nye tiltak ved den årlege rullinga.

Fire strategiar for betre læring

Å bli sett og å bli verdsett er viktig for oss alle. I møtet mellom krav og meistring, får kvar enkelt motivasjon til å arbeide mot nye mål og ny læring kan skje. Dette er vår strategiske læringsplattform. Ål kommune har i planperioden 2011-2015 fire strategiar som styrer arbeidet i oppvekstsektoren.



Fire strategiar for betre læring i Ål.

Ressursbehov

I denne handlingsplanen er dei fire strategiene gjort om til konkrete tiltak. Kvart enkelt tiltak er ansvarsplassert. Enkelte tiltak vil krevje tilførte midlar. Andre kan bli løyst med egne ressursar og med omprioritering. Enkelte tiltak kan også bidra til å gjere drifta meir kostnadseffektiv.

Personalbehov er ein del av ressursvurderinga. Kor mykje kan organisasjonen gjennomføre ved å omprioritere? Kan tiltaket føre til mindre tidsbruk? Kva tiltak vil krevje auka bemanning? Kan tiltak organiserast/gjennomførast med prosjektfinansiering?

1. Kvalitetsmål

Rammeplanen og lokale årsplanar, og læreplanen med fagplanar, har læringsmål. Desse måla styrer innhaldet i undervisninga. Kvalitetsmål basert på tilstandsrapporten, brukardialog og kommunens egne utvalde innsatsområde skal i tillegg styre innsatsen i planperioden 2011-2015.

Ål kommune har vedteke eit hovudmål for planperioden:

Kommunen vil hjelpe alle som veks opp i Ål til å bli flygedyktige og rotfaste. Kvar enkelt skal få hjelp til å bruke vengene slik at dei får innsikt, vidsyn og perspektiv. Kvar enkelt skal få hjelp til å rotfeste røter som gir næring og kraft til å meistre eigne liv og tru på eigne krefter.

I Ål kommune vil me ha fokus på læringsutbytte i eit oppvekstmiljø som balanserer krav og meistring, og der alle blir sett og verdsett. I møtet mellom krav og meistring skal kvar enkelt få motivasjon til å arbeide mot nye mål.

Sektorutvalet for kultur og oppvekst (SUKO) sette i sak 20/11 ned ei arbeidsgruppe som skulle utarbeide kvalitetsmål for oppvekstsektoren i Ål. Gjennom kvalitetsmål prioriterer kommunen innsatsen og formulerer tiltak som gir læringsutbytte til dei som veks opp i Ål.

Desse var med i arbeidsgruppa:

* Birger Jorde, SUKO (leiar)	* Anne Marie Stokkedal, rektor	* Solveig Løkensgard Arnegard, kommunalt foreldreutval (KFU)
* Ellen Oppsato Mikkeldrud, SUKO	* Else Marie Brandlie, Utdanningsforbundet	* Eilif Gundersen, Ål kulturskule
* Sigrun Jorde, SUKO	* Lennart Artmann, PPT	* Eldgrim Springgard, kommunalsjef
* Tone Lyngvi, barnehagestyrar	* Stein Olav Romslo, Ål ungdomsråd	

18. oktober 2012 vedtok kommunestyret kvalitetsmål for oppvekstsektoren.

Kvalitetsmål	2012	2013	2014	2015
1 Tidleg innsats: Alle med avvikande utvikling og lærevanskar får hjelp i barnehage eller på småskuletrinnet.	Prosjektet «Felles Løft for tidleg innsats» er i gang og blir avslutta hausten 2015.			
2 Tilpassa opplæring: Alle har reell framgang i språk- og begrepsutvikling, lesing, skriving og rekning.	Arbeide mot eit kvalitetssystem som held auge med, og som sikrar analyse og oppfølging i eiga avdeling.			
3 Formidling og kulturarbeid: Alle deltek aktivt og får høve til å vise talent i minst eitt prosjekt innanfor det utvida kulturomgrepet kvart år.	Kartlegge i kor stor grad målet er innfridd.	Rammeplan som definerer kulturprosjekt og viser korleis målet kan bli innfridd.	Arbeide med å innfri målet.	
4 Fysisk fostring og psykisk helse: Alle er i fysisk rørsle kvar dag. Skular/barnehagar legg til rette for eit miljø som stimulerer til aktivitet og auka meistringkjensle i eit inkluderande miljø.	Kartlegge i kor stor grad målet er innfridd	Handlingsplan som viser korleis barn/ unge kan vere aktive i eit inkluderande miljø og kva tiltak/ressursar dette krev.	30 minutt →	45 minutt →
				Innfri målet. 60 minutt





Kvalitetsmåla med meir konkrete resultatmål og måleverktøy er å finne i eige dokument; Kvalitetsmål for oppvekstsektoren i Ål. Kvalitetsmåla er også ein del av den balanserte målstyringa i kommunen og blir for kvart år gjort konkrete i målkart for sektoren. Sjå vedlegg.

2. Felles plattform

I planperioden 2011-2015 blir det viktig å arbeide med styringsrutinar og system. For å sikre lik læring er det nødvendig å etablere ei felles plattform for oppvekstsektoren.

	Tiltak	Ansvar	Gjennomføring							
			2011	2012	2013	2014	2015	16		
2.1	Starte eit treårig arbeid med innføring av IKT-plan. Utarbeide plan for bruk av IKT i oppvekst.	IKT-Hallingdal								
2.2	Samordne lengda på skuledagen og innføre same fag- og timefordeling ved alle skulane i kommunen.	SUKO Oppvekst								
2.3	Nye arbeidstidsordningar for lærarane og for pedagogiske leiarar i barnehagane. Arbeidstidsavtaler	Styranane Rektorane								
2.4	Bruk av årshjul for kvalitetsarbeid med handlingsplan og årstrinnsrapport(skule)/årsrapport frå avdelinga (bhg).	Oppvekst Rektorane								
2.5	Ressursfordeling. Innføre tildelingsmodell som tek omsyn til variasjonar i avdelingane.	SUKO Oppvekst								
2.6	Flytte budsjett og ansvar for alle bygningane i kommunen over til Drift og vedlikehald.	D & V Økonomi								
2.7	Elevskyss. Skyssordning, folkehelse, betre læring og farleg skuleveg	SUKO oppvekst								
2.8	Rekrutteringsstrategi. Definere målgruppe, t.d. utflytte ålingar.	Oppvekst Personal								
2.9	Foreldreskule, t.d. Kjærlighet og grenser. Utvida 1.klasseforeldremøte. Foreldre som ressurs	Oppvekst Rektorane								
2.10	Ål som trafikksikker kommune. Kommunalt prosjekt i samarbeid med Trygg Trafikk.	Avd.leiar Utv.avd.								
2.11	Leiarstøtteprogram for rektorar og styrarar, regionalt samarbeid.	Oppvekst Hallingdal								

Slik les du tabellane:

	Sektoren arbeider ikkje systematisk med tiltaket.
	Sektoren har arbeidd med tiltaket som prosjekt.
	Sektoren arbeider aktivt med tiltaket siste handlingsplanperiode, haust 2015 og/eller vår 2016.
	Tiltaket er del av den daglege drifta i sektoren.

3. Fire innsatsområde

Ål kommune vil i planperioden, med bakgrunn i dei utfordringane oppvekstsektoren har, rette innsatsen mot fire område: Tidleg innsats, tilpassa opplæring, formidling og kulturarbeid, fysisk fostring og psykisk helse

Det er viktig å understreke at alle tiltak i kvart innsatsområde har verdi så lenge det verkar positivt på læring av **ferdigheiter, basiskompetanse eller fag**.

3.1 Tidleg innsats

Kvalitetsmål 1:

Alle med avvikande utvikling og lærevanskar får hjelp i barnehage eller på småskuletrinnet.

Innsatsområdet **Tidleg innsats** vil i planperioden prioritere god samhandling mellom barnehagar, skular, PPT, helsestasjon, barnevern, familievern, bibliotek (leseplan) og andre. Tanken er å hjelpe fleire barn tidleg i livsløpet med språkutvikling og sosial kompetanse. Dette er ein føresetnad for god læring. Innsatsområdet Tidleg innsats har også som mål å redusere talet på spesialundervisningstimar gitt gjennom enkeltvedtak. I dag blir for store ressursar nytta til spesialundervisning til eldre elevar.

	Tiltak	Ansvar	Gjennomføring							
			2011	2012	2013	2014	2015	16		
3.1.1	Felles løft for tidleg innsats, steg 1 barnehage. Regionalt prosjekt i samarbeid med Statped.	Oppvekst Styrarane								
3.1.2	Felles løft for tidleg innsats, steg 2 overgang. Overgangar mellom barnehagar og over i skule	Oppvekst Avd.leiar								
3.1.3	Felles løft for tidleg innsats, steg 3 skule. Blir avslutta våren 2017.	Oppvekst Rektorane								
3.1.4	Lydfargemetoden, alternativ lese-opplæring for småskuletrinnet og spes.ped.	Oppvekst Rektorane								
3.1.5	Etablere Koordinerande eining. 25 % oppvekst, 25 % helse.	SUKO SHS								
3.1.6	Vurdere auka pedagogisk bemanning i barnehagane.	SUKO Styrarane								
3.1.7	Godt språk, ein språkplan for barnehagen.	Oppvekst Barnehage								
3.1.8	Gjennomføre delar 4-års-kontroll i barnehagen.	Helsest. Barnehage								
3.1.9	Ta i bruk BU-modellen i begrepsinnlæring i barnehage og småskule	Oppvekst Avd.l.								
3.1.10	Bruke undringsskjema, analysere TRAS-resultat systematisk. Evaluere kost/nytteverdi. Vurdere alternativ.	Oppvekst Styrarane								
3.1.11	Språk og leseplan for Hallingdal. Revidere leseplan for skulane.	Oppvekst								

3.2 Tilpassa opplæring

Kvalitetsmål 2:

Alle har reell framgang i språk- og begrepsutvikling, lesing, skriving og rekning.

Å skaffe kunnskap om ulike læringsstrategiar slik at alle kan oppleve meistring og utvikling blir det viktigaste i planperioden. Mange opplever eit sterkt teoripress i skulen. Andre går meir på tomgang og kan mangle dei store utfordringane. Det er også eit mål at fleire av dei som i dag får spesialpedagogisk hjelp gjennom enkeltvedtak, kan få dette med ordinær tilpassa opplæring.

	Tiltak	Ansvar	Gjennomføring							
			2011	2012	2013	2014	2015	16		
3.2.1	ART, PALS og MOT (program for sosial trening/haldningsarbeid) Redusere talet på enkeltvedtak.	Rektorane MOT								
3.2.2	Inn på Tunet er ei regional satsing og eit prosjekt med brei forankring.	Rektorane Prosjektl.								
3.2.3	Innføre valfag i ungdomsskulen	Ung.sk. Oppvekst								
3.2.4	Systemarbeid for å flytte meir av innsatsen frå enkeltvedtak til generell styrking med fokus på <u>klasseleiing</u> .	Oppvekst Avd.l.								
3.2.5	Systemarbeid som aktivt tek i bruk resultat frå nasjonale prøver og andre kartleggingar i oppfølgingsarbeid.	Oppvekst Avd.l.								
3.2.6	Vurdering for læring og Ny giv. Del av ungdomsskulesatsinga. GNIST.	Ungd.sk. Oppvekst								
3.2.7	Inkludering av fleirspråklege i norske klassar.	Rektorane Oppvekst								
3.2.8	Tiltak som kan gje dei mest motiverte elevane ekstra utfordring. Eiga økt med tilpassa opplæring.	Ål ungd. skule								
3.2.9	KUPP (kompetanseutvikling og pedagogiske prosessar) Førebygge mobbing og krenkande adferd. Psykisk helse.	Styrarane Oppvekst								
3.2.10	Læreplanarbeid, nasjonalt satsingsområde.									

3.3 Formidling og kulturarbeid

Kvalitetsmål 3:

Alle deltek aktivt og får høve til å vise talent i minst eitt prosjekt innanfor det utvida kulturomgrepet kvart år.

Samhandling mellom kulturskulen, barnehagane og skulane vil bli prioritert i planperioden. Korleis kan kulturskulen bli eit ressurscenter for dei praktiske og dei estetiske faga og for eventuelt nye valfag. Kulturskulen representerer ein alternativ meistringsarena og kan bidra til å forsterke læringsutbytte. Korleis kan barnehage, skular, kulturskule og andre sektorar samarbeide for å lage større og meir attraktive stillingar.

	Tiltak	Ansvar	Gjennomføring							
			2011	2012	2013	2014	2015	16		
3.3.1	Kartlegge i kor stor grad Ål kommune innfrir kvalitetsmål 3.	Oppvekst Avd.I.								
3.3.2	Rammeplan som definerer kultur-prosjekt og som viser korleis Ål kommune kan innfri kvalitetsmål 3.	Oppvekst SUKO								
3.3.3	Vurdere Korps i skulen	SUKO								
3.3.4	Kulturskuletimen, utprøving. Lovkrav? Utvida skuledag?	Oppvekst Rektorar								
3.3.5	Gjennomgang av tenester og ressursbruk for å styrke kulturskulen som kompetansmiljø og ressurscenter.	Oppvekst SUKO								
3.3.6	Basken - Samarbeidsprosjekt mellom barnehage, skule, kultur og helse. Utprøving av musikkterapeut.	SHS SUKO								
3.3.7	Felles prosjekt med innleigde kunstnarar, gjerne inn mot større arrangement som t.d. Nesch, Hallingrosa	Oppvekst Kultur								
3.3.8	Prosjekt Nynorske lesefrø i barnehagane i samarbeid med biblioteket.	Styrarane Biblioteket								

3.4 Fysisk fostring og psykisk helse

Kvalitetsmål 4:

Alle er i fysisk rørsle kvar dag. Skular/barnehagar legg til rette for eit miljø som stimulerer til aktivitet og auka meistringskjensle i eit inkluderande miljø.

Det vil i planperioden bli laga ein plan for fysisk aktivitet på trinn. God fysisk og psykisk helse er viktig for både læringsutbytte i skulekvardagen og er førebyggjande i eit folkehelseperspektiv.

	Tiltak	Ansvar	Gjennomføring							
			2011	2012	2013	2014	2015	16		
3.4.1	Kartlegge i kor stor grad Ål kommune innfrir kvalitetsmål 4.	Oppvekst Avd.I								
3.4.2	Sikre uteområde som legg til rette for god lek. Prosjekt (tippemiddel), vedlikehald.	SU SUKO								
3.4.3	Plan for fysisk aktivitet som pedagogisk metode i 1-7 trinn. Implementering.	Oppvekst SUKO								
3.4.4	Styrke skulehelsetenesta.	SUKO Oppvekst								
3.4.5	Samhandling psykisk helse, ppt, KE, ungdoms-konsulent og skulehelsetenesta. Samordne førebygging og hjelp.	Helse Oppvekst								
3.4.6	Sunn kost som læringsfremjande tiltak i barnehage / skule. Haldningsarbeid mot foreldre i foreldreskule. Skulefrukt.	Avd.I. SUKO								
3.4.7	Uteskule kan gi betre læring, Samle eksempel som viser korleis utemiljø og leikeplassar kan vere læringsarena	Avd.I. Oppvekst								

4. Tilrettelegge for gode læringsmiljø

Kommunen vil bygge vidare på og styrke læringsmiljøet i fire skuleeiningar:

Torpo, Nedre-Ål/Skattebøl, Leveld og Ål ungdomsskule.

Det er også eit mål for kommunen å kunne tilby barnehageplass til alle som ynskjer det i dei fem barnehagane Torpo, Sando, Sundre, Skattebøl og Nordbygdene.

	Tiltak	Ansvar	Gjennomføring					
			2011	2012	2013	2014	2015	
4.1	Vurdere å slå saman Skattebøl og Nedre-Ål. Vil gi betre utnytting av kompetanse, ressursar og større fleksibilitet.	SUKO Oppvekst						
4.2	Sikre større læringsmiljø på trinn ved å legge ned Sando skule	SUKO Komm.st.						
4.3	Sikre barnehagetilbod til alle som ynskjer det ved å ta i bruk Sando skule som ny kommunal barnehage.	SUKO Oppvekst						
4.4	Ombygging av 3. etasje i idrettsbygget, Nedre-Ål.	Nedre-Ål SUKO						
4.5	Rehabilitering av symjebassenga på Torpo og i Leveld (2016).	SUKO D & V						
4.6	Ål kulturskule, sceneproduksjon og dansesal.	SUKO kultur						
4.7	Handlingsplan når elevtalet i eit trinn blir for lite.	Oppvekst						
4.8	Plan for ombygging/rehabilitering. Sjå tabellen under.	D & V Avd.I.						

Disposisjon Plan for rehabilitering og ombygging (vedlegg til pkt. 4.8):

Objekt	Plassar/ elevar	Status
Doktor,n Ål Vaksenopplæring	80	Gamal bygning. Treng renovering, eventuelt finne nye lokale til vaksenopplæringa.
Familiens hus PPT og helsestasjon		Nytt i 2011, delvis leigeareal. Solskjerming. Barnevern treng fleire kontorplassar og rom til familieteam.
Leikeplassar / nærmiljøanlegg		Bør lage ein samla oversikt over uteområdet ved barnehagar/skular og over leikeplassar som barnehagebarn og skuleelvar brukar.
Leveld skule	90	Frå 1987. Delvis tilrettelagt for større elevtal i 2011. Ventar på ei meir permanent tilrettelegging. Treng rehabilitering av garderobar.
Nedre-Ål skule	210	Bygd om i 2002. Ombygging av 3. etasje i idrettsbygget 2013. Mista kontor/arbeidsrom ved ombygginga av 3. etasje.
Nordbygdene barnehage	42	Bygd om i 2010/2011.
Sando barnehage	42	Sando skule bygd om til barnehage 2013.
Skattebøl barnehage	42	Bygd om til to-avdelings barnehage i 2006. Manglar plass til reinhaldsutstyr og arbeidsplassar for pedagogar.
Skattebøl skule	50	Frå 1980, gymsal i 1997. Manglar eige sfo-lokale. Garderobane treng renovering.
Sundre barnehage	108	Bygd om til seks-avdelings barnehage i 2009.
Torpo barnehage	42	Bygd om til to-avdelings barnehage i 1997, påbygg i 2009. Ny personalgarderobe og arbeidsplassar/møterom 2015.
Torpo skule	90	Bygd om/renovert i 2010.
Ål kulturskule	360	Dårleg plass til danseelevane.
Ål ungdomsskule	200	Bygd om/renovert i 2007. Ventilasjonsanlegget fungerer for dårleg.

